

## **Tabell B-k**

### **Inntektsgarantiordninga for kommunane 2021**

Inntektsgarantiordninga (INGAR) skal sikre at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er meir enn 400 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansieringa av sjølve ordninga. Ordninga blir finansiert med eit likt trekk per innbyggjar frå alle kommunar.

Inntektsgarantiordninga ser på den totale endringa i rammetilskotet. Kommunar med låg vekst i rammetilskotet vil med INGAR få kompensasjon uavhengig av om den låge veksten skuldast innlemming av øyremerkte tilskot, systemendringar, nedgang i folketalet, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i kriteriedata eller andre forhold.

Endringar i inntektene som følgje av endra skatteutjamning eller skatteinngang blir ikkje kompensert gjennom inntektsgarantiordninga. Endringar i skjønstillskotet, veksttilskotet, regionsentertilskotet eller saker med særskild fordeling (tabell C-k) blir heller ikkje kompenserte gjennom INGAR, sidan dette er tilskot som blir gjeve til særskilde føremål eller i ein tidsavgrensa periode.

Kommunar som slår seg saman får kompensasjon for reduksjon i rammetilskotet som følgje av samanslåinga. Kompensasjonen gjeld bortfall av basistilskot og netto nedgang i distriktstilskot som følgje av samanslåing. Kompensasjonen blir i sin heilskap gjeve gjennom inndelingstilskotet og vil òg inngå i grunnlaget for berekning av inntektsgarantiordninga i inntektssystemet. Kommunar som slår seg saman får dermed ikkje kompensasjon både gjennom inndelingstilskotet og INGAR. Kommunar får heller ikkje kompensasjon gjennom INGAR for endringar i innbyggjartilskot som følgje av grenseendringar.

Inntektsgarantiordninga for 2021 blir berekna med utgangspunkt i rammetilskotet til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2020. Dette rammetilskotet blir korrigert for skjønstillskot, veksttilskot og regionsentertilskot i 2020, og saker med særskild fordeling i 2020 med unntak av inndelingstilskotet. Saker med særskild fordeling er vist i tabell C-k i Grønt hefte for 2020. Rammetilskotet i 2020 er også korrigert for koronatiltak i revidert nasjonalbudsjett eller tidlegare. Rammetilskotet i 2020 er vidare korrigert for inngående fordeling av øyremerkte tilskot som blir innlemma i rammetilskotet og midlar som blir flytta frå tabell C til fordeling etter kostnadsnøkkelen, og andre korrekjonar i rammetilskotet i 2021.

Rammetilskotet til kommunane i 2021 blir korrigert tilsvarande for skjønstillskot, veksttilskot og regionsentertilskot i 2021, og saker med særskild fordeling i 2021 med unntak av inndelingstilskotet. Deretter blir den korrigerte veksten frå 2020 til 2021 berekna, på landsbasis og for kvar einskild kommune.

Den korrigerte veksten på landsbasis frå 2020 til 2021 er på -145 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn -545 kroner per innbyggjar, får kommunen tilskot gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarande differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet og ein vekst på -545 kroner

per innbyggjar. Alle kommunar er med og finansierer INGAR gjennom eit trekk i innbyggjartilskotet. I 2021 utgjer finansieringa 38 kroner per innbyggjar. INGAR blir berekna på grunnlag av innbyggjartal per 1. juli 2020.

### **Kolonne 1 – Rammetilskot 2020**

Kolonne 1 viser rammetilskot til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2020, eksklusive ufordelte skjønsmidlar. Kolonnen inkluderer ekstraordinære løyvingar til koronatiltak over post 60 *Innbyggjartilskot*, men ikkje koronatiltak over post 64 *Skjønstilskot*.

### **Kolonne 2 – Skjønstilskot 2020**

Kolonne 2 viser skjønsmidlar fordelt av fylkesmannen. Kolonnen inneheld ikkje ufordelte skjønsmidlar, skjønsmidlar til koronatiltak o.a. Skjønstilskot inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2020 i berekninga av ordninga.

### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling 2020**

Kolonne 3 viser fordelinga av ti einskilde saker med særskild fordeling i 2020. Kolonnen inkluderer også midlar til koronatiltak på post 60 *Innbyggjartilskot*, men ikkje koronatiltak over post 64 *Skjønstilskot*. Fordelinga i kolonnen er ytterlegare dokumentert i tabell C-k i Grønt hefte 2020 og i rundskriva H-1/20 og H-4/20 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Saker med særskild fordeling inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2020 i berekninga av ordninga.

### **Kolonne 4 – Veksttilskot 2020**

Kolonne 4 viser veksttilskotet i 2020. Tilskotet er dokumentert i tabell D-k i Grønt hefte 2020. Veksttilskotet inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2020 i berekninga av ordninga.

### **Kolonne 5 – Regionsentertilskot 2020**

Kolonne 4 viser regionsentertilskotet i 2020. Tilskotet er dokumentert i tabell 1-k i Grønt hefte 2020. Regionsentertilskotet inngår ikkje i inntektsgarantiordninga og må korrigera ut av rammetilskotet for 2020 før utrekninga av ordninga.

### **Kolonne 6 – Inndelingstilskot 2020**

Kolonne 6 viser inndelingstilskotet i 2020. Tilskotet er ein del av saker med særskild fordeling (kolonne 3), som blir haldne utanfor berekninga av inntektsgarantiordninga. Men inndelingstilskotet skal inngå i grunnlaget for ordninga, og blir difor lagt til i berekninga av inntektsgarantiordninga etter at saker med særskild fordeling er trekte frå.

### **Kolonne 7 – Sum innlemmingar med inngående fordeling**

Kolonne 7 viser anslag på fordelinga i 2020 av øyremerkte tilskot som blir innlemma i rammetilskotet i 2021, inkludert midlar som blir flytta frå tabell C til fordeling etter ordinære kriterium. For øyremerkte tilskot som blir innlemma i rammetilskotet i 2021 blir rammetilskotet for 2020 korrigert for fordelinga av dei øyremerkte tilskota i 2020. Dermed vil endringar i fordelinga til den einskilde kommune ved ei innlemming inngå i grunnlaget for inntektsgarantiordninga.

Det er ingen øyremerkte tilskot som blir innlemma i rammetilskotet i 2021, men halvparten av midlane som blei fordelt særskilt til auka lærartettleik i 2020 blir fordelt etter kostnadsnøkkelen i 2021. Halvparten av den særskilte fordelinga til denne saka i 2020 er difor vist i kolonne 7.

### **Kolonne 8 – Sum korreksjonar utan inngåande fordeling**

Kolonne 8 viser summen av korreksjonar i rammetilskotet i 2021 som det blir korrigert for i berekninga av inntektsgarantiordninga for 2021. Korreksjonane er fordelte etter kostnadsnøkkelen. Korreksjonar for tabell C-saker og skjønstilskot er ikkje inkluderte i tabellen.

Tabellen under gjev ei oversikt over dei ulike sakene det blir korrigert for i 2021. Legg merke til at beløpa i tabellen under er i 2020-kroner. Sjå Prop. 1 S (2020–2021) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for ein nærmare omtale av sakene rammetilskotet er korrigert for.

<b>Korreksjonar i 2021 (beløp i 2020-kroner)</b>	<b>(1 000 kr)</b>
Auke i elevtal statlege og private skular	-184 868
Ny gjennomføringsløsing eksamenar og prøver	-7 200
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO 1.-2. trinn, heilårseffekt	81 500
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO 3.-4. trinn	24 343
Gratis SFO for elevar med særskilt behov 5.-7. trinn, heilårseffekt	29 400
Overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten	-920 600
Tilskot til fastlegeordninga, heilårseffekt	189 484
Regulering av barnehagemiljø, heilårseffekt	4 737
Utlemming av tilskot til trus- og livssynssamfunn	-455 501
Pensjon i private barnehagar, redusert tilskot og skjermingsordning	-210 146
Utvida aldersgrense for rett til ettervern i barnevernet	23 369
Skjerming av utsette grupper ved nytt tak for eigendel	48 686
Stine Sofies barnehagepakke	2 500
<b>Sum korreksjonar, fordelt etter kostnadsnøkkelen</b>	<b>-1 374 296</b>

### **Kolonne 9 – Korreksjon inndelingstilskot**

Re (no ein del av Tønsberg), Bodø, Vindafjord og Aure kommunar har fått inndelingstilskot i meir enn 15 år, og tilskotet skal trappast ned i 2021 (tilskotet til tidlegare Re kommune blir avvikla i 2021). Dette skal ikkje påverke inntektsgarantiordninga i 2021, og rammetilskotet til desse kommunane kommune blir korrigert for endringa i inndelingstilskot frå 2020 til 2021.

### **Kolonne 10 – Korreksjon for grenseendringar**

For at grenseendringar ikkje skal påverke inntektsgarantiordninga blir det korrigert for innbyggjartilskot 2020 knytt til innbyggjarar som inngår i grenseendringane. Korrekjonen for kommunar med grenseendringar er lik tal på innbyggjarar som inngår i grenseendringa, multiplisert med gjennomsnittleg innbyggjartilskot i 2020.

I 2020 var innbyggjartilskotet før omfordeling 25 083 kroner per innbyggjar. Det er nytta innbyggjartal per 1.1.2020.

## **Kolonne 11 – Korrigert rammetilskot 2020**

Kolonne 11 viser korrigert rammetilskot for 2020. Kolonnen er lik kolonne 1 minus kolonnane 2–5, pluss kolonnane 6–10. Kolonnen er grunnlaget for berekning av absolutt korrigert vekst frå 2020 til 2021.

## **Kolonne 12 – Rammetilskot 2021 (før INGAR)**

Kolonne 12 viser rammetilskot til kommunane i 2021, eksklusive ufordelte skjønsmidlar, før utrekning av inntektsgarantiordninga (jf. sum av tabell 1-k, kol. 2–7 og tabell 2-k, kol. 4).

## **Kolonne 13 – Skjønstilstskot 2021**

Kolonne 13 viser skjønsmidlar fordelt av fylkesmannen (jf. tabell 1-k, kol. 7). Kolonnen inneholder ikke ufordelte skjønsmidlar o.a. Skjønstilstskot inngår ikke i utrekninga av inntektsgarantiordninga og må trekkest ut av rammetilskotet for 2021 i berekninga av INGAR.

## **Kolonne 14 – Saker med særskild fordeling 2021**

Kolonne 14 viser fordelinga av saker med særskild fordeling. Saker som ligg i tabell C-k skal ikke inngå i utrekninga av inntektsgarantiordninga, og rammetilskotet for 2021 må korrigerast for dette. Fordelinga i kolonne 14 er dokumentert i tabell C-k.

## **Kolonne 15 – Veksttilskot 2021**

Kolonne 15 viser veksttilskotet i 2021 (jf. tabell 1-k, kol. 5). Veksttilskotet inngår ikke i inntektsgarantiordninga og må korrigerast ut av rammetilskotet for 2021 før utrekninga av ordninga.

## **Kolonne 16 – Regionsentertilskot 2021**

Kolonne 16 viser regionsentertilskotet i 2021. Tilskotet er dokumentert i tabell 1-k. Regionsentertilskotet inngår ikke i inntektsgarantiordninga og må korrigerast ut av rammetilskotet for 2021 før utrekninga av ordninga.

## **Kolonne 17 – Inndelingstilstskot 2021**

Kolonne 17 viser inndelingstilstskotet i 2021. Tilskotet er ein del av saker med særskild fordeling (kolonne 14), som blir haldne utanfor utrekninga av inntektsgarantiordninga. Men inndelingstilstskotet skal inngå i grunnlaget for ordninga, og blir difor lagt til i berekninga av inntektsgarantiordninga, etter at saker med særskild fordeling er trekte frå.

## **Kolonne 18 – Korrigert rammetilskot 2021**

Kolonne 18 viser rammetilskotet til kommunane i 2021, korrigert for skjønstilstskot, veksttilskot og regionsentertilskot i 2021, og saker med særskild fordeling i 2021 med unntak av inndelingstilstskotet. Kolonnen er lik kolonne 12 minus kolonnane 13–16, pluss kolonne 17.

## **Kolonne 19 – Absolutt korrigert vekst 2020–2021 (i 1 000 kr)**

Kolonne 19 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2020 til 2021. Veksten er vist i 1 000 kroner. Kolonnen er lik kolonne 18 minus kolonne 11.

**Kolonne 20 – Absolutt korrigert vekst 2020–2021 (kr per innb.)**

Kolonne 20 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2020 til 2021. Veksten er vist i kroner per innbyggjar, og er berekna med utgangspunkt i innbyggjartal per 1. juli 2020. Gjennomsnittleg vekst på landsbasis er -145 kroner per innbyggjar. Det gjev ei vekstgrense for å få tilskot gjennom inntektsgarantiordninga i 2021 på -545 kroner per innbyggjar (-145 - 400 = -545).

**Kolonne 21 – Inntektsgarantiordning før finansiering (kr per innb.)**

Kolonne 21 viser inntektsgarantiordninga for 2021 i kroner per innbyggjar, før finansieringa av sjølve ordninga. Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn -545 kroner per innbyggjar blir kompensert opp til denne vekstgrensa.

**Kolonne 22 – Inntektsgarantiordning 2021 (kr per innb.)**

Kolonne 22 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i kroner per innbyggjar, altså INGAR inkludert finansiering. Sidan INGAR er ei omfordelingsordning, er alle kommunane med på å finansiere ordninga med eit likt beløp per innbyggjar. I 2021 er finansieringa 38 kroner per innbyggjar

**Kolonne 23 – Inntektsgarantiordning 2021 (i 1000 kr)**

Kolonne 23 viser inntektsgarantiordninga i 2021 i 1 000 kroner. Kolonnen er lik kolonne 22 multiplisert med innbyggjartal per 1. juli 2020 (sjå tabell F-k, kolonne 2). Talet på inntektsgarantiordninga blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 5.